

Første karusellrennet under flotte forhold!

14.01.2018



Ivrige langrennsløparar klar til første renn.

I dag vart det første skirennet i langrennskarusellen denne sesongen arrangert, og det stilte opp 46 løparar frå Rosendal TL, Omvikdalen IL, Halsnøy IL og IL Ternen i tillegg til Uskedal IL som også var arrangør av rennet. I tillegg deltok 27 barn i barneskirennet som vart arrangert i forkant av rennet.



Det nærmar seg start!

Rennet vart arrangert under gode forhold med nydelege løyper, og det gjekk i klassisk stil. Knut Johannes Ripel i skigruppa rettar ei stor takk til alle som hjelpte til med arrangementet slik at det vart så vellukka. Han rettar

også ei stor takk til Fjellhaugen skisenter og til Kvinnherad Røde Kors som var gode medhjelparar under rennet. Gode og røynde smørjarar hjelpte godt til under vanskelege smørjeforhold.

Av dei 46 som deltok i karusellrennet, kom 21 frå Uskedalen. Dette er ein nedgong frå tidlegare, men med dei gode forholda som har vore i vinter, burde det vera godt håp om at det tar seg opp att. Dei to føregående vintrane har som kjent vore vanskelege for dei som satsar på ski her i kommunen.

Ved å klikka inn på UIL si heimeside [HER](#), vil de finna meir om rennet med mange fine bilete og komplett resultatliste.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Johannes Ripel